



Helge Henanger

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4548 - 16/1148

Saksbehandlar:
Marius Flemmen Knudsen
marius.knudsen@meland.kommune.no

Dato:
21.01.2016

Godkjenning av søknad om utvida frist til jordpåfylling og planering av jordbruksareal på Langeland, Gbnr. 24/5

Administrativt vedtak. Saknr: 25/2016

Saksutgreiing:

Vi syner til søknad motteke 19.01.15.

Helge Henanger fekk i saknr. 101/2015 løyve til påfylling og planering på ca. 13 daa jordbruksareal på Langeland. Frist for ferdigstilling av arbeidet vart sett til 01.10.2015. Det ble godkjent å fylle på reine stein- og jordmassar for å lage og oppretthalde areal til maskinell innhausting. Arbeidet er godt i gang, men det manglar nokre massar for å ferdigstille arealet. Søkjar opplyser at det har vore vanskeleg å få tilgang på gode massar, men at han no er i ferd med å få tilgang på god matjord som truleg vil vere nok til å ferdigstille det største feltet. Det har vore klimatisk utfordringar med mykje nedbør og låge temperaturar i 2015. I dei mest nedbørsrike periodane har dei unngått graving og køyring i massane. Søkjar opplyser at arealet har vert forsøkt sådd til, men at spiringa slo feil i en periode med låge temperaturar.

Planen for vidare framdrift er å få fylt på resterende massar og ferdigplanere det resterende området. Søkjer planlegg at anlegget skal vere ferdig i løpet av sommaren 1016, og ber om at frist for ferdigstilling utvidast til 01.08.15.

Vurdering:

Det har vore store utfordringar med køyring og planering som fylgje av mykje nedbør. Temperaturen og nedbøren har også gjort det vanskeleg å få til spiring ved grøntlegging av

området. Helge Henanger har opplyst at en del grøfting på området er ferdig og at deler av felt to er ferdig planert, og at dei er godt i gang med grovplaneringa av resterande området. Det manglar nokre massar for å kunne ferdigstille området. Det er viktig at massane på toppen er god matjord for å sikre god jordbruksproduksjon, og søkjar har opplyst at han truleg no får tilgang på slike masser. Får han desse massane vil det vere nok til å ferdigstille det største av de to felta. Administrasjonen har synfart området ved fleire høve, og meiner at arbeidet er godt i gang til tross for utfordringane knytt til mykje nedbør. Det er viktig at tiltaket blir gjort på ein god måte, både for å sikre eit godt jordbruksland men også for å sikra at området framstår på ein slik måte at det passer inn i kulturlandskapet rundt.

Administrasjonen har vurdert ei forlenging av fristen for ferdigstilling i medhald av prinsippa i naturmangfaldsloven (NML) §§ 8-12, jf. § 7 NML. Det er ikkje registrert spesielle artar eller miljøverdiar på sjølve området, men det har vore gjort ei fugleregistrering i nærleiken i april 2015, jf. § 8. Det vart mellom anna observert vipe, som står på norsk raudliste i kategorien sterkt trua, denne er ikkje observert på sjølve området, men i nærleiken av tiltaket. Vipe kan komme inn i områder der det pågår påfylling av jordmasser, og det må takast omsyn til denne i hekketida, då dette er ein bakkehekkande fugleart, jf. § 9. Dei er observert på arealet nærast Sagstad skule, så her bør det takast ekstra omsyn slik at fuglane ikkje vert uroa i hekkinga. Ei forlenging av fristen vil ikkje medføre ei auka belastning av området, jf. § 9. Sjølv om arbeidet har tatt lengre tid enn planlagt, er dette grunna klimatiske forhold. Det er viktig å peike på at søkjar har vist omsyn med graving og køyring i dei periodane med nedbør. Området har også vore forsøkt lagt grønt, sjølv om spiringa ikkje var vellykka. Tiltaket er også godt i gang, og det er eit mindre omfang som står att.

Naturmangfaldslovas §§ 11 og 12 er ikkje aktuelle i dette tilfellet.

Administrasjonen meiner etter ei samla vurdering at ein utviding av fristen ikkje er i strid med prinsippa i NML §§ 8-12. Administrasjonen konkluderer med at tiltaket så langt er gjennomført som omsøkt, og at det er eit mindre omfang som står att. Framdrifta har ikkje vore som planlagt, med dette skyldast klimatisk høve og er eit moment som er vanskeleg å føresjå og detaljplanleggja. Vidare vil administrasjonen visa til at Helge Henanger har gjennomført tiltaket så langt etter dei vilkår som vart stilt i løyve. Administrasjonen meiner at forlenging av fristen vil vere viktig for at området blir ferdigstilt og blir eit godt areal for jordbruksdrift i tida framover.

Vedtak

«Meland kommune gjev Helge Henanger forlenging av frist for gjennomføring av jordpåfylling og planering av jordbruksareal på Gbnr. 24/5. Løyvet gjeld for omsøkt areal som beskrive i søknad og skal gjennomførast etter vilkår sett i vedtak 101/2015. Meland kommune ber om at det vert teke omsyn til bakkehekkande fugl i hekkeperioden som beskrive i saksutgreiing og vurdering.

Ny frist for gjennomføring er satt til 01.08.2016.

Vedtaket har heimel i forskrift om begrensning av forurensning kap. 4 Anlegg, drift og vedlikehold av planeringsfelt § 4-4.»

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Helge Henanger